



— Lagsblad —

Nr. 4

April 1924

7. aaret

## GULLBOSTEN.

(Skisse)

Det er vår — — —

Soli skin og dagen er varm og mild og både jordi og lufti andar og angar av våren. — — —

Kva slag blom er det som alt blømer no? — — — no medan rimet enno ligg kvitt kvar einaste morgon?

Tru det er vårkål? — — — men på ein slik stad? — — —

Det er ein „hestebloom“, gullboste — Jamen er det tateren millom blomane som alt blømer!

— Ikkje ser eg syn på å ynskja deg velkomen — — og endå mindre ser eg syn på å takka for i fjor, men jamen var det likevel godt å få sjå deg att!

— Du blømer so gult og lubbe, og ser so vel fornøgd ut du! — —

— Å ja, berre bløm og gled deg over livet, og over både deg sjølv og alt det andre som hev vorte skapt — og hev vorte skapt „såre godt“ og —

— „såre godt“, — tenk på det! — Det er bra fattigmannstrøyst det.

„O, — ennu at være den samme, den samme.

— — — — —  
— Et billed av gud uten glass og ramme“! segjer gullbosten millom lyrikarane våre, og jamen syner du din vesle gule tater at det er noko å frygda over og.

„Dersom ein kann gleda andre, so hev ein ikkje livt til fånytte“ er det sagt, — — og berre bløm og veks vidare du din vesle gule proletar. — Eg skal ikkje anten røra deg eller trakka på deg — i dag ikkje. — — —

— Det er gildt tti å få sjå att og få helsa på gode vener, — — men jamen er det ofte ein rein sjælesvir til å få helsa på ein ærleg ungen og — og å få sjå at han enno er lubben og blømer og enno ser syn på å taka til på „ny frisk“

Mikal R.

## Herre, eg veiknar.

Herre, eg veiknar, men du er min styrke  
løyser meg ut ifrå trengslor og band.  
Dagane ljose og næterne myrke,  
alltid eg kjenner di trufaste hand!  
Visst er ho løynd, men det er som eit  
under,  
korleis ho enn kan få gjera sitt verk,  
lyfta mi sjel i dei skiftande stunder  
gjera meg trygg, for eg veit ho er sterk

Herre, eg trøytmar, men støt du då ropar,  
minner meg kjærlegt um vakt hold og  
bøn.

So fær eg hjelp mot dei herjande hopar  
siger i striden mot syndi til løn.  
Herre, kanhenda at bardagar mange  
endå skal prøva mi tru og mitt mod,  
hald meg då vaken på vakti, den lange,  
at eg må likna deg Frelsar so god!

Herre, eg hungrar, eg kan ikkje anna,  
enn eg må beda kvar einaste dag:  
Gjev du meg mat av ditt mettande  
benk meg tilbords millom dine idag!  
Ordet frå deg er den likaste føda,  
yngjer upp ætti med ande og liv:  
mognast umsider den gildaste grøda,  
livet i deg, det som ævelegt sviv.

Herre, eg tyrster, og magtar 'kje ganga  
livsvegen fram, utan kjelda i deg.  
Du som av kjærleik på krossen laut  
hanga,  
fyller eit nattverdstaup ogso for meg.  
Då vil eg drikkja av det til ditt minne  
reinsa mi sjel i ditt sonande blod;  
so held eg fram til du hev meg der  
inne,  
rekna ilag med den kvittkledde tjod.

Herre, Gud Fader, som alt for meg  
lagar,  
ser kva eg saknar, og veit kva eg  
treng.

lyder til tonar frå hjarta som klagar,  
stiller til samklang kvar bivrande streng  
Difor eg harpa mi slær til di æra,  
du som for meg er den einaste veg!  
Lat meg so stødt i ditt fylgjeskap vera,  
til eg for alltid er heime hjå deg!

*Cathrinus Finsås.*

## Hafsrø.

Vaktlista for sumarsplassen Hafsrø er  
teke med i dette nr. av lagsbladet. Me  
vil her beda alle lagsfolk sjaa etter kva  
dag dei er upsette som vakt, og at dei  
møter fram den dag dei er upsette.  
Det kan nok henda, at ikkje alle kan  
møta fram den fastsette dagen, men  
maa dei, som ikkje *kan møta fram,*  
*vera gilde og syta for aa faa andre*  
*i staden.*

Ifjor var der ikkje so mange som  
vitja Hafsrø; men me trur nok det kalde  
veret er skuld i dette. No i aar skulde  
ein mest tfu, at me fekk ein sers varm  
og god sumar etter denne lange og kalde  
vinter. Og vart no sumaren god so lat  
me alle finnast paa den gilde sumars-  
plassen Hafsrø. Styret vil freista og faa  
ut nokre idrotts apparater, so gutarne  
kan prøva kva dei duger til, og til gjen-  
torne fær me og freista finna paa noko,  
so dei kan finna seg vel tilrette her paa  
Hafsrø.

*Sundag den 11 mai* skal det vera  
*opningsfest* paa Hafsrø. Det er daa  
tanken aa faa eit musikkorps ut paa  
sumarsplassen og kanhenda fær me  
Songarlaget og med den dagen. Sam-  
stundes skulde der vera idrottsleikar for  
gjentor og gitar; og seinare „*premie-*  
*utdeling.*“ Den dagen faar alle *fri kaffi*  
men mat maa dei sjølv ta med.

Skulde veret den dagen ikkje vera  
godt, so maa me utsetja festen. Men  
lat oss no vona paa godt ver, og sam-  
last alle lagsfolk paa „Hafsrø“ sundag,  
den 11 mai. Me lovar ein gild fest  
og helsar alle velkomen. *nemndi.*

## Vending.

Stutte dagar og lange næter,  
myrke skuggar i dal og fjell,  
kaldt det gusstar; i tungsam vetter  
leikar lenkten i draum so sæl.

Myrke skyer for stormen dansar,  
fuk og stryk og hev ikkje fred,  
bind seg saman til drøymde kransar,  
snart dei falmar og er 'kje med.

Burt seg løyner no solarglansen,  
alt det fagre vert audt og kaldt.  
Svarte skuggar i troldedansen  
Kjem som daude, tek livet og alt.

Gjenom lufti so tungt det susar:  
Aavtrufuglen sin svarte veng.  
Yver lufti so kvasst det brusar,  
er det sukki fraa hjartestreng?

Er det sukki som saman smeltast?  
Sukki tunge fraa mann og møy.  
Er det lagnad som fram skal veltast,  
strøyma, drøyma og sidan døy?

Er det voner som eingong brotna?  
Sler for fagnaden siste slag.  
Er det tankar som her lyt bottna  
djupt i myrkret og utan dag?

Er det tankar som inne brendest,  
sleit og tærde so mang ei sjæl?  
Eller hjartor som eingong tendest  
av ein brand so altfor sæl?

Er det sanning, den store eine,  
er det livet som fram no stig?  
Er det striden der ljøs det reine  
siger vinner, og legg myrkheim ligg?

Det er sanning, so sæl ein lagnad,  
det er livet som fram no bryt,  
Det er sanning og all heims fagnad:  
Ljoset sigrer og utan skryt.

Det er vending i sol og hjarta,  
ofta tykkjast dei fylgjast aat.  
tidt dei skuggast; men so det bjarte  
lækjer, varmer og stogger graat.

Det var voner som nett vert fødde.  
voner reine som himmel blaa.  
Det var voner som upp vert glødde,  
voner heite som maal skal naa.

*Karl Myhre,*

### **Kva vilde du nytta pengane til, um du med eingong vart eigar av 100,000 kr.?**

Fattigdom og rikskap hefter so mang  
ein mann. Hev ein ikkje pengar, er  
det tungt aa vinna fram.

Vart eg no med ein gong eigar av  
100,000 — krunor, vilde eg nytte peng-  
ane til aa fullføra det som eg so lenge  
hev havt hug til aa faa gjort. Greidt  
sagt: Eg vilde lesa fram til kandidat i  
filologi. Og det skulde verta gjort med  
all den snøggleik og kraft som evnor  
og helsa kunde greida. — Naar eg so  
hadde greidt den eksamen, som krevst  
for at ein skal ha ein grand fynd og  
mynd med seg no til dags, vilde eg  
nytta resten av pengane — dei 100 000  
kr. — til aa setja i gang eit frilyndt,  
heilmorskt dagsblad i Rogaland. I denne  
avisa vilde eg sjølv vera bladstyrar.  
Og daa vilde eg setja all mi makt og  
evna inn paa aa gjera dette „fata—mor-  
ganske“ bladet slik, at det skulde hjelpa  
til aa brjota veg for heimkulturen og  
for norskdomen i heile taget. Ja det  
vilde eg gjera, endaa um eg alt no er  
komen langt upp i ungkarsaari.

Det kann godt henda, at eg daa ogsø vilde koma til aa gjera nokre brigde i privatlivet mitt. Truleg kom eg daa fyrr eller seinare til aa beda velliva med ungarlivet.

*Fata Morgana.*

## 17de Mai

no i aar vil der verta heilnorsk gudstenest i Hetlands Kyrkja ved unngdomspresten Theodor Hovda, og bondeungdomslaget sitt Songarlag vil syngja.

\*

Kl. 7 um kvelden vert det konsert i parken. Kommunekorpsset vil spela, Bondeungdomslaget sit Songarlag vil syngja, og Leikarringen vil syna fram Songdansar, og Turdansar.

\*

Ungdomspresten *Hovda* skal halda talen for fedralandet paa folkefesten i Bjergsted.

\*

Som me her vil sjaa er Bondeungdomslaget med og gjer sitt til, for at faa fridomsdagen so no:sk som raad er.

## Vaktlista for Hafrsro 1924.

- 8/5 og 1/5. Hanna Sørbø, Ellen Lunde, Nicolai Aarrestad.  
10/5 — 11/5. *Stor Opningsfest.*  
17/5 — 18/5. Bergit Hidle, Marie Eide Jakob Lerang.  
24/5 — 25/5. Guri Aanestad, Berta Ulsnæs Torgils Vaage.  
28/5 — 29/5. Serine Bakke, Olava Lea, Bjarne Risvold.

- 31/5 og 1/6. Hjørdis Gundersen, Ragnhild Saltvold, Erling Brommeland.  
7/6 — 8/6. Solveig Johannsen, Anna Vestbø, Mikal R Sande.  
8/6 — 9/6. Konstanse Rød, Thora Vignæs, Karl Alfnæs.  
14/6 — 19/6. Nelly Kvia, Jannemor Magnussen, Arne Bærheim.  
21/6 — 22/6. Gundhild Moluf Serine Dagsland, Magnus Skeiseide.  
23/6. *Jonsokfest.*  
28/6 — 29/6. Signe Torstensen, Inger Haukalid, Osm. Osmundsen.  
5/7 — 6/7. Borghild Fisketjøn, Petra Magnussen, Johannes Hatte-land.  
12/7 — 13/7. Eldbjørg Mjaanes, Gudrun Saltvold, Alfr. Løvik.  
19/7 — 20/7. Kari Arnestad Meland, Berta Tveteraa, Kornelius Meland.  
26/7 — 27/7. Olga Skaara, Ester Haug, Olav Hamre.  
1/8 — 2/8. Kaia Holte, Anna Grønne-  
stad, Anders Løvik.  
9/8 — 10/8. Bergit Aspelund, Elisebet Lærdal. Lars Bø,  
16/8 — 17/8. Rakel Fossand, Anna Mjø-  
hus, Johs. Næsvik.  
23/8 — 24/8. Lissi Bø, Sølga Talgøy, Man-  
gor Birkeland.  
30/8 — 31/8. Agnes Lærdal, Mathilde Svadberg, Einar Nordaker.  
6/9 — 7/9. Sigrid Furunæs, Marta Har-  
aldstveit, Sigurd Næss.  
13/9 — 14/9. Laila Straatveit, Brita Iver-  
sen, Haakon Løvik.  
20/9 — 21/9. Janne Osvik, Kristi Løvik,  
Sigurd Bærheim.  
27/9 — 28/9. Tordis Husebø DagnyKlings-  
heim, Ingvald Hovland.

*Oktober 4. Haustfest.*

\* \* \*

Vakti skal fara til Hafrsro laurdagen, kan dei ikkje det, maa dei syta for at ei av vakta er paa plassen sundags morgon. Vakti hev fyrste retten til sengestaderne paa sumarsplassen, og kjem der fleire faar dei liggja antan i

folgestova heller og i fyrste høgda i storstova. Me bed vakti sjaa gjennom reglar og lovar, som er upslegne i hytta. Lyklarne til hytta maa vakti henta hjaa tilsynsmannen Gustav Sørnæs der ute.

---

## Bollefesten.

Sundag 27. april hadde me den vanlege Bollefesten. Det var noko seint aa skipa til bollefest, no naar baade fastetidi og paaskehelgi var forbi, og bollenemndi var ikkje større mota paa aa laga festen til. Men trass det at det no var so langt paa vaaren, og trass ljose kveldar og godt ver, so vart bollefesten vellukka. Kl.  $\frac{1}{2}$ 9 paa slaget tok festen til og daa var salen fullpakka med ungdom.

Sandviken sit guttanusikkorps opna festen med nokre gilde, friske nr. So kom B.ul. sitt Songarlag, og song fleire gilde songar. Songarlaget er no naadd høgt upp, og dei song sers godt denne kvelden. So kom der noko som var nytt for oss i laget. Lars Bø hadde syt for at me fekk høyra song, musikk, tale og m. a. fra England, Tyskland, Belgien, Bergen og Ullanhaug. Hadde berre veret vore betre ute i Nordsjøen so hadde dei traadlause tonar kome meir til sin rett.

Men alt gjekk godt, og Lars Bø, Andreassen og elektrikar Olsen skal ha laget si beste takk for at dei fekk denne traadlause konserten i stand. Etter den traadlause, spela gutarne fleire nr., og so var det kaffi og bolla. Nemndi hadde 1200 boller, men diverre so rakk det ikkje til. Me maatte faa kaka og skjeva paa matstova, og enno var der folk som ikkje fekk mat; men dei skal nok faa sit ein annan gong. So kom kvartetten „Herold“, og tok festlyden med storm; dei maatte syngja fleire umframnr. Me vil her helsa „Herold“ og takka for alle dei gilde stunder dei har git oss her i laget. So var det leik og moro; og seinare paa kvelden

fekk me solosong av disponent B. J. Gabrielsen, med tonefylgje av organist Gustav Eriksen, opplesing av frk Riis; og skrøner og viser av Samuelson.

Ut anum alt dette, var der daa utluting av ymse ting, og fyrst kl. 2 um natti var bollefesten slutt. Netto innkoma av festen var *Kr. 400,00*, som gjeng til *Blomemissionen* og „*Hafsrø*.“

Me helsar og takkar alle lagsfolk som var med paa festen, og takkar samstundes for den store summen som vert netto.

*Blomemissionen og  
nemndi for „Hafsrø.“*

---

## Gifte og trulova.

*Kornelius Trodahl* og *Sanna Fure-næs* gifte seg no i paaskehelgi, likeeins *Harald Berge* og *Margit Lea*.

*Guri Norbø* og *Odd Myklebyst* har trulova seg.

Diverre har det gjenge smaatt med aa trulova seg no i skotaaret; men der kjem nok fleire.

Dei som har augo med seg veit aa fortelja, at der er fleire par som har jarn i elden, og tviler ikkje paa at noko vil henda. Paa alle stovorne vore er gode „fornemmelser“ og bra utsikter, likeeins i laget.

*Amor* spaar ein god vaar, varm sumar, og ein rik haust.

---

## Lagsfolk!

Lat oss møta mannjamt fram i Hetlandskyrkja kl. 11 den 17de mai.

Der vert norsk messa ved presten Hovda, og Songarlaget vil syngja.

---



## Jubileumsnemnd.

Til Jubileumsnemnd gjer styret framlegg um desse:

H. V. Aurdal, Kristian Bærheim, Alfred Løvvik, Carl Hatteland, Eldbjørg Mjaanæs, Hanna Sørbo, O. A. Vestbø.

Og til varamenn:

Malla Eide, fru Arnestad Meland, Lars Bø, Anders Løvik, Einar Nordaker.

## Saklista for Mai.

- Torsdag  $\frac{1}{5}$ . Leikemøte.  
 —  $\frac{8}{5}$ . Høgskulstyrar Martin Birkeland. Song av Songgarlaget.  
 —  $\frac{15}{5}$ . Stutte foredrag av tvo lagsfolk. Song, musik. Bondeguten.

Laurdag  $\frac{17}{5}$ . kl.  $\frac{1}{2}$  9 *Fest*.

## Boksamlingi.

Alle bøker maa vera innlevera innan maandag 26de mai.

## „BONDEUNGDOMSLAGET“

kjem ut i Stavanger eingong i maanadan og kostar 2 kr. aaret.

## Jubileumsutgåva av Arne Garborgs

skrifter i samling bør kvar ein heim i Rogaland sikra seg no, då den namngjetne diktaren er avliden. Bokhandlar Opsanger i Stavanger hev opplag. Prisen er for alle 7 band kr. 45,00 hefta, 62,50 bundi i shirting og 90,00 i skinnrygg. Likeeins bør ungdomslag og boksamlingar sikra seg denne. — Barne- og folkeboksamlingar kan ogso senda sine tingarar til bokhandlar Opsanger.

*Faner og  
Teaterkuliser*

**Bernh. Holgersen**  
Malerforretning - Kongsgt. 24

**J. L. Tidedemauns Tobaksfabriks**  
kommissionlager i Stavanger

*Stadig paa lager  
de mest anerkjendte merker  
i Cigaretter og Tobak*

**J. Bjørgo**  
Benyt telefon 1093 Ø. Holmegata

*Ingen presenter  
pryder og pynter  
som blomster fra  
Blomsterballen*

# Alf Solheim

Østervaag 25



PAPIRFORRETNING  
RAMMEVERKSTED

PETROLEUMSLAMPER  
STENTØI & GLAS  
I STORT UDVALG

HANDLENDE HØI RABAT.

**S. GITLESEN**

:: :: ØSTERVAAG 41 :: ::



**MASKIN-  
HUSET**

(Indeh. Thorvald Veire)  
Bredgaten 9



## Matstova og Kaffistovorne til BONDELINGDOMSLAGET

*er rette staden for tilreisande og fastbuande  
som vil stetta svolten eller kvila ei stund*

### GILDASTE STOVORNE I BYEN

# GODTFOLK!

Naar De skal hava brudlaup, barsøl eller anna gjestelag,  
so hugs at De fær dei beste drikkevaror hjaa meg

Løna med fleire medaljor

Telefon  
727 k

## GUNNAR LØVIK

KONGSGATA 36

Telefon  
727 k

# Johan Østhus & Co.

*Kolonial - Feitevaror  
Kjæks - Sjokolade  
Tobakk og Frukt  
En gross*

Telefon 2286

Telefon 2286

# N. AARRESTAD

BERGELANDSGT. 20  
TELEFON 772

---

**Colonial- og  
Fedevarerforretning**

# R. G. Klovning

Breidgata 20 ∴ ∴ ∴ ∴

**KOLONIAL**

Hampegarn - Bomullsgarn  
SNØROR - TOGVERK  
OLJEKLÆR.

# MERK!

*Største og fineste utvalg i ram-  
melister, ovale gullspeiler og rammer  
Innramning av bilder*

**M. ANDREASSENS**  
**RAMMEFORR. OG KUNSTHANDEL**  
Ø. Holmegt. 25                      Telefon 1469

# BRØDRENE MAG

Nygaten 48 ∴ ∴ ∴

Telefon . 837  
Butikken . 3083

---

**Malervare- og  
Jernvareforretning**

Telefon 102

# A. IDSØE

KJØD- OG PØLSE-  
FORRETNING ∴ ∴

GODE OG BILLIGE VARER!

Lagsgjenter — Lagsgutar.

*Frukt, Drops, Chocolate  
Tobak, Cigarer, Cigaret-  
ter, Piper  
Alle slag. Rimelege prisar.*

**OLAV HAMRE**  
Tlf. 3440    NYTORGET    Tlf. 3440

**TIME**

# Jonas Jørstads BOKHANDEL

Stort lager av nyare og eldre litteratur.  
Tingingar til boksamlingar og leselag  
vert sytt for fort og greitt ∴ ∴ ∴ ∴ ∴ ∴ ∴ ∴

Fotografiske artiklar

Musikvarer